Gud Signe Vårt Dyre Fedreland (JSO)

1. Gud signe vaart dyre Fedreland,
Og lat det som Hagen bløma!
Lat lysa din Fred fraa Fjell til Strand
Og Vetter fyr Vaarsol røma!
Lat Folket som Brøder saman bu,
Som Kristne det kan seg søma!

2. Vaart Heimland i Myrker lenge laag,
Og Vankunna Ljoset gjøymde.
Men, Gud du i Naade til oss saag,
Din Kjærleik oss ikkje gløymde:
Du sende ditt Ord til Norigs Fjell,
Og Ljos yver Landet strøymde.

7. No er det i Norig atter Dag
Med vaarsol og Song i Skogen.
Um Sædet enn gror paa ymist Lag,
Det brydder daa etter Plogen.
Saa signe daa Gud det gode Saad,
Til Groren ein Gong er mogen!